

# HYRDINGEN

NR. 5

Oktober 2019

ÅRGANG 61

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Jubilantar i Ølen (Sjå meir side 4 og 5)

|                         |   |                             |   |                     |    |
|-------------------------|---|-----------------------------|---|---------------------|----|
| Prosten har ordet       | 2 | Jubilantar i Vikebygd       | 5 | Møte og arrangement | 8  |
| Endringstid i Hyrdingen | 2 | Konfirmant-jubileum i Ølen  | 5 | Støtteannonser      | 9  |
| Redaksjonspennen        | 3 | Soknerådsvalet i Vindafjord | 6 | Gudstenester        | 10 |
| Min song                | 3 | Dåpspåmelding på nett       | 6 | Frå kyrkjeboka      | 10 |
| Edel årgang - Bjoa      | 4 | Trusopplæringsprisen 2019   | 7 | Møte og arrangement | 11 |
| Gullkonfirmantar i Vats | 4 | Stavanger Bispedømmeråd     | 8 | Vikestølen tur      | 12 |



#### HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland  
Tlf. 908 73 170

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no  
Bladpengar/gåver til Hyrdingen  
på konto: 3240.11.17937 og  
VIPPS nr 53 14 72  
Adr. Skjold kyrkje  
Kleivavegen 2, 5574 Skjold  
Layout/trykk:

Kai Hansen Trykkeri Haugalandet AS

#### SOKNEPRESTANE:

Mandag er prestane sin fridag

##### Soknepresten i Ølen

Kari Vik Stuhaug  
Rådhusplassen 1, 5580 Ølen  
Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529  
kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Etter avtale

##### Soknepresten i Skjold

Kristian Kyllingstad, Skjold kyrkje,  
Kleivavegen 2, 5574 Skjold  
Mobil: 905 23 560  
kristian.kyllingstad@vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Etter avtale

##### Soknepresten i Vikedal

Tsegayesus Hurisa Hunde  
Vikedal kyrkje kontor  
Kyrkjevegen 11, P.box 40, 5586 Vikedal  
Tlf. 970 38 011  
tsegayesus.hurisa.hunde@vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Torsdag 9 - 15

##### Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80  
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

##### Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183  
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

##### Haugaland prosti:

P.b. 612, 5501 Haugesund  
Tlf 52 80 95 00  
Prost Rune Steensnæs Engedal  
Mobil 918 34 019

##### Kyrkjevevja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje  
Tlf. 53 65 57 93  
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no  
Kontorass. Tove Standal Vaka  
Tlf. 53 65 57 96

##### Avtroppande soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd:  
Brit Nelly Ness Tveit  
Ølen og Bjoa: Per Ølfarnes  
Sandeid: Tore Tokheim  
Vikedal: Andreas Andreassen  
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim  
Vats: Grete Skeie Sørhus

## Prosten har ordet

Av Rune Steensnæs Engedal. Prost i Haugaland prosti



## Hvem er en helgen?

Vi ser blafrende og skjøre lamper på novembermørke kirkegårder. Mange mennesker tenner lys og snakker rolig sammen der ute. Holder rundt hverandre. Tårer blir tørket. Det er sterkt. Å miste noen gjør så mye med oss. Livet blir aldri helt det samme som før. Det krever mye å finne vei gjennom sorg og savn. Allehelgensdag lar oss kjenne på det. På takknemligheten for alle menneskene vi har fått dele liv med. Alle minnene, alle dagene vi fikk sammen. Vi kjenner på hvilke avtrykk hvert enkelt menneske har satt i livene våre.

Hvem er en helgen?

Den svenske erkebiskopen Natan Söderblom sier det sånn: *"En helgen er en som ved sitt lys gjør det lettere for oss å tro på Jesus."*

En helgen er altså et lysende eksempel. En Jesu disippel. Vi har heldigvis noen slike mennesker iblant oss. Noen lyser for hele verden. Mens andre er et stille, lite lys for sine aller nærmeste. Et lys vi bærer med oss som en gave gjennom livet.

Lyset vender seg utover. Det skinner ut til alt og alle. Lyset varmer og gjør veien lettere å finne. Jesu disipler er mennesker som gjør en forskjell i det små, ved at de fremhever Guds gode gaver til menneskene. Jesu disipler er mennesker som gir gjensinn av Guds lys i verden. De som formidler den omsorg og varme som alltid strømmer fra hans kilde.

Midt imellom det som har vært og det som skal komme, lever vi livene våre. Nå. Med lengsel og håp. Vi ser både bakover og framover, men så kan vi aldri være andre steder enn i nåtiden. Allehelgensdag viser oss hvor vi kommer fra og hvor vi skal, men den utfordrer oss alltid til å leve her og nå. Det er som om den sier: Her er vårt sted. Her er vår tid.

Jesus sier: *Dere er verdens lys!*

Hold lyset fram, så andre kan se det. Dere utgjør en viktig forskjell. Lyset vi bærer, er gitt oss av Gud. Det bringer håpet et lite stykke videre i verden.

*"En helgen er en som ved sitt lys gjør det lettere for oss å tro på Jesus."*

Noen mennesker lyser sterkere enn andre. Noen viser oss Guds ansikt på en helt spesiell måte. Kanskje vet de det ikke selv.

Allehelgensdag er en dag for oss levende. Det handler om å se oss selv i relasjon til de vi har rundt oss. Det handler om å ta vår egen livsvei på alvor. Det handler om at livet blir holdt fram i lyset. Denne dagen minnes vi de som har gått foran. Den som har hukommelse, har også savn. Derfor er det nødvendig å sørge. Allehelgensdag peker framover, på håpet. På han som er alfa og omega, begynnelsen og slutten.

## Endringstid i Hyrdingen

Av redaktøren

Gjennom mange år har kyrkjebladet kome ut 6 gonger i året. Auka kostnader med distribusjon kombinert med at færre betalar dei frivillige bladpengane, gjer at styret og redaksjonen må vurdere kor ofte Hyrdingen skal koma ut. Frå neste år av kan dette verta redusert til 4 eller 5 nummer. Vi har også sett på alternative måtar til

distribusjon. Nå er nye sokneråd valde og skal stå bak kyrkjebladet i dei neste fire åra. Kan vi saman klara å få inn meir inntekter, vil det også vera mogeleg å halda fram som i dag. Redaksjonen oppfordrar difor alle som set pris på å få dette bladet i posten, og som har gløymt å bruka giroen vi la med i nr 1, om å bidra med eit lite beløp til vår bankkonto: **3240.11.17937** eller **VIPPS nr 53 14 72**.



Av Steinar Skartland

Hausten er komen til bygdene i Vindafjord. Treå fekk først sine flotte fargar, men etter kvart så fell blada av og ned til jorda. Dei rotnar og blir til næring for ein ny vår, om ei stund. Frø og nøtter fell til bakken. Nokre av dei vil til våren slå rot og bli til nye tre og planter.

Vala er over. Både til kommunestyre og til dei kyrkjelege styra. Vi gratulerer dei som er valde og ønskjer dei lukke til i ei teneste der dei kan vera med på å påverka, endra og utvikla. Dei skal få byggja vidare på det andre har sådd. Nye frø skal spira i trusopplæringsarbeid og diakoni, og nye fellesskap skal få veksa fram.

Trusopplæringsprisen var nyss delt ut av soknerådsutvalet: FUT. Vi er imponert over Tone S. Andreassen som i 20 år har vore i leiinga for ein ungdomsklubb som samlar nær sagt alle born og ungdom i Vikedal. Prisen er vel fortent. Men det er også mange andre som fortener ros for sine tenester i trusopplæringsarbeidet, som vi har mykje av i vår kommune.

Hyrdingen er eit blad der sokneråda og prestane får informera dei som bur i Vindafjord om kyrkjelege tilbod og møtedatoar. Gjennom dette kan vi både invitera foreldra til å bera borna sine til dåpen, presentera konfirman-tane våre og jubilantane. Men her er også plass til informasjon om aktivitetar på bedehuset og om dei mange som gjer ein fantastisk god jobb for born, unge, vaksne og eldre. Treng vi dette bladet? Undersøkingar gjort på landsbasis svarar ja på det spørsmålet. Svært mange les litt eller mykje i kyrkjebladet og skulle det mangla i postkassen får redaksjonen spørsmålet: Kor blir det av?

Likevel er det ei stor utfordring å finansiera bladet. Kostnadane aukar og talet på dei som betalar frivillige blad-pengar, går ned. Redaksjonen, styret og sokneråda må drøfta: Kva skal til for å gjera bladet meir interessant? Og korleis skal vi finansiera bladet i åra framover?

Vi ønskjer all lukke til i arbeidet innan både kommunen, kyrkjene og bedehusa, og like eins til alle som driv frivillig arbeid innan både musikk, idrett, klubb, foreiningar og på andre måtar.

## MIN SONG

Av Liv Herborg Wold

Eg heiter Liv Herborg Wold og bur i Ølen. Eg jobbar som pedagogisk leiar på småbarnsavdelinga i Vågen barnehage.

Det var både vanskeleg og lett å finne ein song som ligg mitt hjarta nær. Vanskeleg fordi det er så mange flotte songar og lett fordi eg valde den songen som først dukka opp i tankane mine. Den heiter «Der det nye livet lever». Den er skriven av Vidar Kristensen, som har skriva mange flotte songar. Det er noko løftesrikt og spennande over den songen, som f.eks. der det står «Hvor det fører det vet ingen, men en vandring har tatt til. Med hele verden som sitt mål, kan ingen gå seg vill» Det kan vera skummelt å ikkje vite kor Gud fører oss, men med Han som vår hyrde, så går me oss absolutt ikkje vill. Eg kan hugse den første sommaren eg skulle vera veiledar og forbedar på eit OASE stemne, då tala denne songen ekstra til meg. Mi bønn var då, som nå, som det står i det tredje verset. «Slik som Peter og Johannes og Maria gjorde før. Da de



delte ut sin glede, skal vi gå fra dør til dør. Og nå Ordets nøkler åpner en lukket hjertegrind, går vi et skritt til siden slik at Jesus slipper inn».

Eg ber kvar dag om at eg ikkje må stå i vegen for Jesus, men at eg veit kva tid eg skal gå eit skritt til sides slik at Han slepp inn. For å gjera det siste verset meir personleg, så skriv eg det litt om: Og det nye livet i meg starta ved at Jesus måtte dø. Det er Han som eig livet mitt. Det er Han eg høyrer til. Her er songen heile den flotte songen:

Der det nye livet lever, der tar ingen veier slutt  
Alle hindringer og grenser har et nysatt fotspor brutt.  
Hvor det fører det vet ingen, men en vandring har tatt til.  
Med hele verden som sitt mål, kan ingen gå seg vill.

Selv om landskapet kan skifte mellom sletter, fjell og skog.  
Så er såkornet det samme. Men det brukes ulike plog.  
Den som er et lys i verden. Den som kalles jordens salt.  
Og den som fisker mennesker, har arbeid over alt.

Slik som Peter og Johannes og Maria gjorde før.  
Da de delte ut sin glede, skal vi gå fra dør til dør.  
Og når Ordets nøkler åpner en lukket hjertegrind,  
Går vi et skritt til siden slik at Jesus slipper inn.

Der det nye livet lever. Der må planter sette frø.  
Slik som dette livet startet ved at Jesus måtte dø.  
Det er Han som eier livet. Det er Han vi hører til  
Med Jesus som vår hyrde kan vi aldri gå oss vill

*Tekst: Vidar Kristensen*

# Konfirmantar av edel årgang på Bjoa




Av Gunnar Dalen m.fl.

Laurdag 17. august var det felles jubileum for Bjoa-konfirmantane frå 1959 og 1960. Jubileet var lagt opp som ei uformell samling utan stramt program. Det viktigaste var at personar med nære relasjonar frå sine yngre dagar - med felles klasserom frå barneskule og som sto konfirmantar i lag, fekk treffa kvarandre etter gamalt og friska opp gamle minne. Kvar jublant gav i tillegg ei kort orientering om si livshistorie dei siste 59 - 60 åra.

Av dei 16 konfirmantane frå 1960

kullet, er 4 gått bort. 11 av dei 12 andre var med på samlinga. Desse er som vist på biletet ovanfor: Frå venstre Knut Oma, Marie Oma Klippen, Nils Gjertin Gjerde, Kari Østrem Eskeland, Herborg Aasbø Nybø, Lillian Gjerde Tveit, Anne Sofie Johannessen Nymark, Øystein Tvedt, Hans Asbjørn Åsbø, Kjell Kjærland og Mikal Saltvik.

Av dei 9 konfirmantane frå 1959 (60 års jubilantar) er 3 gått bort, men alle dei andre 6 var med på samlinga. Desse er som vist på biletet ovanfor: Frå venstre Signe Ida Halvorsen Solheim, Torleiv Østrem, Marta Gunn Dalen



Dynna, Eldrid Fiveland Espevik, Gerd Svalland Sagevik og Odd Gjerde.

17 frammøtte av totalt 18 moglege såg alle på som svært god oppslutning, med deltakarar frå Solund ytterst i Sognefjorden i nord, Sandnes i sør og Hadeland i aust.

Det var god stemning og praten gjekk livlig rundt bordet med kaffi/te og velsmakande smørbrød og heime-laga jubileumskaker. 59 og 60 års tids-differanse la ingen dempar på praten og stemninga. Alle var samde om at det var kjekt å jubilera og at komiteen hadde gjort ein storarta jobb!

## Gullkonfirmantar i Vats

Av Einar Vårvik

**14/9 1969 blei 10 jenter og 9 gutar konfirmerte i Vats Kyrkje. Søndag 1. sept 2019 var 11 av desse samla til 50- årsmarkering i kyrkja. 2 kunne ikkje møta på grunn av sjukdom. Dei 6 siste kunne av ulike andre grunnar ikkje koma.**

Dei av oss som møttest kvelden før til ei triveleg samling fekk friska opp gamle minne, helsa på dei me ikkje hadde sett på 50 år, dela litt av eige liv frå denne perioden og kosa oss med god mat, frå me kom og til seine kveld! Det var gripande å kjenna koss alle stilte seg bak ei velmeint helsing til dei som ikkje kunne koma på grunn av sjukdom.

Konfirmasjon den gongen følgde ei ordning der alle låg samtidig på kne rundt alterringen og etter tur tok presten i handa på at ein skulle leva i dåpspakta si livet ut. Dei 7 nye konfirmantane som blei presenterte i gudstenesta vil nok få ei undervisning som involverer dei meir enn me opplevde, men begeistringa me kjende over å



Gullkonfirmantar 1/9-19 Vats kyrkje. Framme frå venstre: Synnøve Stokka, Alvhild Utåker Moe, Bjørg Koltveit Welde, Signy Dyrseth. 2.rekkje frå venstre: Astrid Grindheim Eigestad, Leif Gjellestad, Einar Vårvik, prest Kristian Kyllingstad. Bak frå venstre: Osmund Selvåg, Oddvar Krakk, Bernt Vatne, Sigve Eikjeland. (Foto: Arnfrid Mossige Vårvik)

kunna møtast igjen må vera uttrykk for at også me hadde ei fin konfirmasjonstid! Me hadde først undervisning ved vikarprest Sæverås, og etter kvart ved Per Konrad Hansen. Me gjekk for presten på ettermiddagstid gjennom sommaren, Vietnamkrigen rasa, Apollo 11 hadde landa på månen og mange av oss hadde vore med på musikkorpsstemne i Egersund og høyrte på Helge Sverre Næs-

heim, Anita Hegerland og Gluntan. Ungdomar frå Øvre og Nedre Vats møttest til pugging av salmevers, katekisme og bibelkunnskap. Dette blei me spurde om då me stod i midtgangen på konfirmasjonsdagen, men presten gjorde sitt til at opplevinga ikkje skulle bli for dramatisk! Dei fleste av oss må nok likevel innrømme at det var meir avslappande å møtast utan å måta svara på spørsmål, 50 år etter!

# Jubilantar i Vikebygd



Kåre Skartland, Roar Heggland, Lillian Dommersnes, Bjørg Torunn Knutsvik og Jenny Svendsbøe. Det var også to konfirmantane til det året: Lars Geir Dommersnes og Sigrid Håheim.

Søndag 22. september var 50-års jubilantane som vart konfirmerte i Vikebygd kyrkje i 1969 inviterte til Gudsteneste. Under gudstenesta inviterte sokneprest Kristian Kyllingstad dei fram for ein presentasjon og Ingrid M. Sør- våg hadde ein prat med dei om korleis

det var å vera konfirmant på slutten av 60-talet. Av dei 7 som vart konfirmerte det året var det 5 som deltok på jubileet. Etter gudstenesta fekk dei delta på kyrkjekaffi i solskinnet utanfor kyrkja før dei saman reiste til Skjold for middag og samvær på kaféen der.

# 60-års konfirmantar i Ølen



**ØLEN. 60-årskonfirmantar.** Frå venstre: Magnhild Årekol Skjeggstad, Else Marie Klungland Kvamen, Randi Haugland Idsø, Gunnbjørg Synnøve Dueland Henriksen, Bjørg Haugen Østebø, Erling Søvrin Lien, Kjell Peder Bjørgen og Astrid Bjørg Lunde Ohm

# Konfirmant- jubileum i Ølen kyrkje

Søndag 29.09.19 var 50-års konfirmantane frå Ølen og Bjoa kyrkjelyd inviterte til Gudsteneste i Ølen kyrkje saman med 60- årskonfirmantar frå Ølen. Åtte av 60 års konfirmantane som vart konfirmerte av sokneprest Våge i 1959 var til stades.

Det var sokneprest Meling som var konfirmantprest for 50-årsjubilantane. Etter at alle var presentere i Kyrkja, var det middag, bilettaking og god drøs på Gjestegarden i Ølen.



**50-års konfirmantar i Ølen**  
Stort bilde sjå side 1.

Framme frå venstre:  
Bård Hauge, Ragnhild Blikra Rasmussen, Endre Eide, Åge Opheim, Magnhild Handeland Helberg, Astrid Halleland Landa.  
2.rad: Sølvi Dagrun Gudbrandsen, Klara Åsbø Eike, Ellen Marie Tvedt Rødde, Bjørg Sølvi Lothe, Gerd Karin Stangeland, Bjørg Halleland Mercelius, Aud Svendsbøe Gørbiz, Sissel Berge Aarekol, Kari Mette Klungland-Kaatz. Bak: Harald Berge, Karl Oskar Granberg, Karl Berge, Ståle Andreas Pedersen, Jon Kåre Vannes, Terje Jakobsen, Anne Brit Loit Eikeland, Elfrid Tunge Hansen Werdal.

# Demensaksjonen takkar

Vindafjord helselag vil takke alle som bidrog i årets Demensaksjon. Det blei samla inn kr 28107. Helsing styret.

# Soknerådsvalet i Vindafjord

Av Inghart Lasse Tveit og  
Steinar Skartland

Tabellen viser deltakinga i valet på nye sokneråd i Vindafjord 9. sept. 2019, målt opp mot deltakinga i 2015. For Ølen og Bjoa er det nå samanslege / felles sokn.

| Sokn         | 2015 | 2019  |
|--------------|------|-------|
| Imsland      | 48%  | 47,5% |
| Vikedal      | 30%  | 30,2% |
| Sandeid      | 25%  | 24,6% |
| Ølen         | 20%  | -     |
| Bjoa         | 27%  | -     |
| Ølen og Bjoa | -    | 16%   |
| Vikebygd     | 38%  | 28,8% |
| Skjold       | 29%  | 21%   |
| Vats         | 19%  | 16,6% |

Dei innvalde i sokneråda 2015 – 2019 og 1. varamann for desse, er som vist nedanfor. Det er elles valde inntil 5 vararepr. til kvart sokneråd. Vi ynskjer dei velkomne til arbeid og samarbeid i sokneråda. Konstituering og val av leiar vil bli presentert i neste nummer av Hyrdingen då dette ikkje er på plass i alle sokn ennå. Kvart sokneråd skal også velja ein representant til Fellesrådet for kyrkjene i Vindafjord.

## VIKEBYGD SOKN

(felles sokneråd med Skjold) .

ARNE TVEIT  
INGRID MATHILDE SØRVÅG  
DAGFRID NAGEL-ALNE  
INGEBJØRG SUSORT VELDE (1. vara)

## SKJOLD SOKN (felles sokneråd med Vikebygd)

GUNNAR LISTOG  
TOMINE TEISTEDAL HARALDSEID  
ØYVIND JAKOB HARALDSEID  
SUNNIVA TVEIT GREGERSEN  
MARGUNN LYGRE STRØMME  
KÅRE DANIEL BREIVIK (1. vara)

## VATS SOKN

ELISABETH STOPLE GREGERSEN  
STEINAR SØRHHUS  
AUD BENTE ØVERNES  
MARIANNE BAKKEVOLD VASSNES  
KARIN ANNELIESE MESECKE KOLTVEIT  
OLE EIVIND EIKANES  
BJØRGHILD LUNDE (1. vara)

## ØLEN OG BJOA SOKN

HANNE JORUNN AASEN RISØY  
ANDERS LUNDE  
SIGNE-BRITT VIK  
DAG OLAV BERGE  
KNUT ARVE OMDAL  
GEIR TOFTE

## HÅVARD LOTHE

RUTH CECILIE KVAME ØKLAND  
HARALD HELBERG (1. vara)

## IMSLAND SOKN

MARITA KVITNO STAURLAND  
JOLAUG SÆLE KALDHEIM  
LIV HOFF IMSLAND  
LARS BERGE RØNNEVIK  
ÅSE VIGDIS RØNNEVIK  
STEINAR ÅSHEIM  
ANETTE KLUNGTVEIT (1. vara)

## VIKEDAL SOKN

ANDREAS ANDREASSEN  
MARIT SÆRSTEN  
OLE SIGVE LEIFSEN  
TINE KARIN ÅRVIK  
JOSTEIN MAGNAR TORSTENBØ  
ANNE GRO MAGNUS  
BJØRGHILD VETRHHUS  
(1. vara)

## SANDEID SOKN

RAGNVALD STOPLE  
TORE TOKHEIM,  
ELISABET MATTINGS DAL,  
TORSTEIN STUHAUG  
JOHAN GEORG VESTBØ  
MAGNE ØKLAND  
HILDE ØYVOR ØPSTVEDT LARSEN  
(1. vara)

# Dåpspåmelding på nett

Info frå websida

## Medlem i Den norske kyrkja

Gjennom dåpen blir barnet medlem i Den norske kyrkja. Det mest vanlege er å døypa i den kyrkja ein soknar til, men ein har høve til å velja ei anna kyrkje i prestegjeldet eller ein annan stad om det er ønskeleg.

## Kva gjer du som vil døypa barnet ditt, før dåpen?

Gå inn på [www.vindafjord.kyrkjer.no](http://www.vindafjord.kyrkjer.no)

Fyll ut skjemaet «Innmelding til dåp» og send det til kyrkjekontoret. Skriv inn på skjemaet den avtalte datoen, kyrkje og klokkeslett for dåpen. På skjemaet skal de føra på fødselsdato, personnummer og namn på barnet og foreldra.

Det må også finnast 2-6 fadrar. Namnet og adressa deira må først



Dåpen, III. foto: Bo Mathisen

på. Legg ved stadfesting på namnet til barnet frå Folkeregisteret. Send skjemaet og stadfesting av namn så snart som mogleg til kyrkjekontoret. Det gjeld og ved dåp i andre prestegjeld. Ikkje gløym å fylla inn dykkar eige telefonnummer så me kan ta kontakt med dykk før dåpen og avtala dåpssamtale.

Av Kristian Kyllingstad, Sokneprest i Skjold, Vikebygd og Vats

Vi ønskjer at alle forespørslar om dåp vert gjort på nett. Du finn meir info og lenke til skjemaet på [www.vindafjord.kyrkjer.no](http://www.vindafjord.kyrkjer.no) På nettsidene vil du også finne oversikt over kva dato og tidspunkt som er tilgjengelege for dåp i dei ulike kyrkjene. Velkommen til dåp.



DEN NORSKE KYRKJA

# Trusopplæringsprisen 2019

Av Steinar Skartland

**Torsdagskvelden den 3. oktober var litt over 30 vaksne samla på Kyrkjjetunet i Ølen. Arrangøren var FUT (Felles Trusopplærings Utval), og deltakarane var medlemmer av sokneråd og andre aktive i trusopplæringsstiltak i dei mange bygdene i Vindafjord. Men mellom dei sat også ei som, utan å veta om det, skulle få tildelt trusopplæringsprisen i slutten av kvelden.**

Kateket Britt Karstensen leia inspirasjonssamlinga der også to av dei mest aktive innan barnekor (Gunnbjørg Nesbu og Gunnhild Marie Osaland) fekk presentera arbeidet sitt på ein svært inspirerende måte. Flott å høyra korleis dei har det og sjå at dei lukkast i å samla borna til song og glede.

Sokneprest Kristian Kyllingstad hadde ein stor del av programmet som dreidde seg om salmar vi nyttar og kan nytta i trusopplæringsarbeidet. Salmar som vi finn i den nye salmeboka. Med den dyktige pianisten, Kari Synnøve Velde Haugen, på pianokrakken var det lett å syngja, den eine salmen etter den andre. Deltakarane vart inndelt i grupper som skulle samtala om songane og velja ut kva dei meinte høvde best i trusopplæringa og i familiegudstenester. Saman fekk forsamlinga syngja dei mest populære av desse etterpå.

## Ein verdig prisvinnar

Kven som fekk prisen vart halde hemmeleg heilt til slutt. Då kunne Britt Karstensen presentera ein verdig vinnar: Tone Skipevåg Andreassen. Ei kvinne som har vakse opp i Vikedal og som gjennom dei siste 20 åra har drive ungdomsklubb på bedehuset her. I takketalen peika Tone på at det var viktig at ungdomane fekk noko med seg i bagasjen vidare i livet og refererte til at dei alltid har «Ord for kvelden» som ein andakt.

Britt Karstensen presenterte vinnaren slik:

Tone blei med som leiar for Klubben i Vikedal i 1999 då Anne Marie Reimers tok initiativ til å få Klubben, som då låg i dvale, på beina igjen. Tone fekk med seg Bjørg og Bjarne Hjelvik, men ho har sidan vore fast i leiinga i



*Tone Skipevåg Andreassen og Torgeir Sørhus (leiar i FUT)*

desse 20 åra. Nå er ho primus motor.

Tone er lærar på ungdomsskulen i Vikedal og får dermed kontakt med ungane/ungdommane på skulen. Nær 100% melder seg på til Klubben. Det seier at dette er noko dei prioriterer i ein elles travel kvardag.

Det at Tone også prioriterer Klubben seier mykje om henne. I dei fleste åra har det vore klubb ein gong i veka, den eine for mellomtrinnet og den andre for ungdomsskulen. Tone har med andre ord vore frivillig med kvar einaste veke i desse åra. I dei siste åra har dei samla begge klubbane same veka. I år er dette på fredagskveldane. Først mellomtrinnet, så ungdomsklubben rett etterpå.

Det kan kanskje gjerast at Tone nå kan få prioritera litt meir familie. I følgje ektemannen, Andreas, så har familieaktivitetane ofte vore styrt ut frå Klubben. Det er ikkje ofte Tone har tatt seg fri frå den. Andreas minnes at ho tok seg fri ein gong for å kunne reisa i barneidåp til barnebarnet.

Kva er det som driv Tone til å halda på med dette arbeidet? Ho ser at det har stor verdi for borna og ungdommane å få samlast på ein trygg plass der dei kan ha det kjekt i lag. På Klubben si Facebook-side kan ein sjå i bilete og tekst kva klubbkveldane går ut på. Der vises ulike aktivitetar, leik, matlaging og kva som har vore ord for kvelden. Ein fantastisk måte å visa foreldre og andre interesserte kva som skjer på Klubben i Vikedal.

Tone viser at ho har eit stort hjarta for dei som kjem. Ho har veldig godt lag med dei og det er gjensidig respekt. Det gjer at dei og ho får ein unik relasjon, sa Britt Karstensen og la til: Så heldige dei er som får ha Tone til stades i ei viktig tid i deira liv!

Det var mange på Kyrkjjetunet denne torsdagskvelden som ville gratulera Tone som er ein verdig vinnar av Trusopplæringsprisen. Ho fekk overrekket blommar, diplom og ei gåve, frå Torgeir Sørhus, leiaren i FUT.

# STAVANGER BISPEDØMMERÅD 2020-2023

Info frå kirken.no/stavanger

28.906 rogalendingar har talt: Desse skal styra kyrkja i Stavanger bispedømme. Åpen folkekirke har fått tre

medlemmer i bispedømmerådet, Nominasjonskomiteens liste har tre, og Bønnelista eitt medlem. Bispedømmerådet består av 7 repre-

sentantar valde av medlemmane i kyrkja, 1 representant vald av prestane og 1 vald av leke tilsette. I tillegg er biskopen fast medlem av rådet. Her er det nye rådet:



Dei sju første i rekkefølge etter mandatfordelinga. Frå øverst mot venstre på biletet Jostein Ådna, Nominasjonskomiteens liste, f. 1955, Stavanger, professor. Thor Magne Seland, Åpen folkekirke, f. 1967, Sandnes, optometrist. Magne Hersvik, Bønnelista, f. 1954, Stavanger, dagleg leiar. Therese Egebakken, Nominasjonskomiteens liste, f. 1998, Hafrsfjord, student. Gyrid Espeland, Åpen folkekirke, f. 1953, Egersund, seksjonssjef. Liv Heidrun Skaar Heskestad, Nominasjonskomiteens liste, f. 1951, Lye, pensjonist. Helene Breivik Helledal, Åpen folkekirke, f. 1983, Haugesund, lærar. Magne Bjåstad, representant for lek kyrkjeleg tilsette, f. 1971, Randaberg, diakon. Dag Tormod Milje, representant for tilsette prestar, f. 1964, Nedstrand, sokneprest. Biskop Anne Lise Ådnøy.

## MØTE OG ARRANGEMENT

### Vats

**Endeleg Søndag – Kårhus bedehus**  
Søndag, 10. nov og 8. des. ein søndag i månaden på Kårhus bedehus.

### Vats Søndagsskule

Velkommen til Søndagsskule-time på Vindafjordtunet søndag 27. okt. kl. 11. Barnekoret blir med. Juleverkstad på Øvre Vats bedehus laurdag 7. des. kl. 12.00 Andakt, graut og aktivitetar.

Vats søndagsskule v/Synnøve W. Stødle

### Vats pensjonistlag

-møte på Nesheimstunet frå kl.17.00 til 19.30. Anny og Kristian blir med. 29.okt. Besøk av Nils Olav Østrem 28. nov. Julebord middag kl.13.00. Påmelding. 28. jan. 2020. Besøk av Jone Hatteland. Åretrekking, opplesing, song, matpause og drøs. Du er VELKOMEN.

### FamilieKRIK

27. oktober: Samling i Skjold Arena klokka 16.30-18.00. 17. november: Samling i Skjold Arena klokka 16.30-18.00. 8. desember: Samling i Skjold Arena klokka 16.30-18.00. Skiweekend til Gullingen: 27.-29. mars 2020

### Brandøy misjons- og konferansesenter, Bjoa

Leiroversyn for Brandøy i haust / vinter: 22.-24. november Miniadventshelg (2.-5. klasse). 29. november – 1. desember Ten-helg (8.-10. klasse). 6.-8. desember Adventsleir (5.-7. klasse)

### Familiespeiding Skjold/ Vikebygd

**10. november og 1. desember**

For meir informasjon om familiespeiding og om møta, gå inn på [www.vikebygd-speidar.no](http://www.vikebygd-speidar.no) eller sida vår «Familiespeiding Skjold/Vikebygd» på Facebook.

### I nr. 3 var to namn ombytt på konfirmantane i Vats.

#### Her er rett rekkef.:

1.r.: Marita Krakk Eikje, Mari Haslemo, Silje Bringsvor Krakk, Julianne Otelie Stokland. Andre rekke f.v: Malin Strand Jensen, Tone Krakk Døvik, Ingeborg Nordtveit, Celina Gabrielsen, Lena Utaaker. Tredje rekke f.v: Sokneprest Kristian Kyllingstad, Andreas Landa, Jon Eirik Lea-Koltveit, Sander Nesheim Fuglestein, Stefan Jinopong Skrede, Stian Røysland Døvik.

### Vikedal Ungdomsklubb Bedehuskjellaren

Fredag 1. nov. kl. 18:00-20:00 for 5.-7. klasse. Andakt: Bjarne Hjelvik  
Fredag 1. nov. kl. 20:00-23:30 for 8.-10. klasse. Andakt: Bjarne Hjelvik  
Fredag 15. nov. kl. 18:00-20:00 for 5.-7. klasse. Andakt: Berit Stople  
Fredag 15. nov. kl. 20:00-23:30 for 8.-10. klasse. Andakt: Tsegayesus Hurisa Hunde  
Fredag 29. nov. kl. 18:00-20:00 for 5.-7. klasse. Andakt: Anne Marie Reimers  
Fredag 29. nov. kl. 20:00-23:30 for 8.-10. klasse. Andakt: Tsegayesus Hurisa Hunde

### Gla'nyhet-kveld på bedehuset i Vikedal

Det er med stor glede at kyrkjelyden i Vikedal, Sandeid og Imsland sokn inviterer alle til gla'nyhet-kveld ein gong i månaden. I Vikedal samlast vi på Vikedal bedehus og i Sandeid på Sandeid bedehus. Kvar gong når vi har møte byrjar vi kl 19:30. Det bli song med litt ekstra musikk og forbønn for dei som treng det. Det bli kyrkjekaffi på slutten. Følg oss på Facebook sida vår (Den norske kyrkja i Vikedal, Sandeid og Imsland). Talar: Sokneprest Tsegayesus Hurisa. Vel møtt!



**LUNDENESET VGS**  
- en kristen internatskole i Ølensvåg

**Vi tilbyr**

- Medieproduksjon
- Service og samferdsel
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse

Les mer på [www.lvs.no](http://www.lvs.no)

Vi er en del av **NLMvgs**

**Knapphus**   
**Bil**

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

**Knapphus**   
**Dekk & Bilverksted**

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

**joker**


**Vikebygd Landhandel AS**

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - [joker.vikebygd@ngbutikk.net](mailto:joker.vikebygd@ngbutikk.net)

 **GRANBERG  
GARVERI AS**

Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg  
Tlf. 52 76 50 00 [www.granberggarveri.no](http://www.granberggarveri.no)

**GRAVSTEIN**



Se vår store utstilling, eller  
ring og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](http://www.skattkjaer.no)

**Skattkjær Skiferindustri as**

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

**BLOMAR TIL GRAVFERD**

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



**Ølen Blomster**

Tlf. 53 76 88 35 • [www.olensenter.no](http://www.olensenter.no)

**Euro  
Florist**

**Black  
Design**

**STELL AV GRAVPLASSER**

**Kontakt Avdeling Vepro**

**Tlf 932 16 679/ 52 75 88 60**

**AOI** 

Arbeid og Inkludering

 **Ølen Betong**

Tlf. 5377 5200 - [www.olenbetong.no](http://www.olenbetong.no)

 **Ølen  
auto**

**tsrevisjon**

Autorisert regnskapsførerselskap

[www.tsrevisjon.no](http://www.tsrevisjon.no)

Karmsundsgata 4 • 4250 Kopervik

**Elieserhelg i Haraldseidvågen 9.-12. nov.**

Også denne hausten kjem Betelskipet  
"Elieser 6" til Haraldseidvågen

Det vert ein ekstra dag i forhold til møteplanen. Møte om bord kvar kveld kl. 19.00, laurdag 9. nov. til og med tysdag den 12.nov. Me ynskjer folket frå heile området velkomne til desse samlingane. Det vert ekstra triveleg om her vert fleire generasjonar om bord !

**SpareBank**   
SR-BANK

| Dato   | Kyrkje / Stad   | KL.   | Tittel               | Informasjon                                                                                    | Preiketekst   |
|--------|-----------------|-------|----------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------|
| 27.10. | Bjoa kyrkje     | 11.00 | Gudsteneste          | Takkoffer til Norea, mediemisjon                                                               | Luk 15,11-32  |
| 27.10. | Sandeid kyrkje  | 11.00 | Misjonsgudsteneste   | Besøk av Svein Helge Bergfjord, takkoffer til Det Norske Misjonsselskap                        | Luk 15,11-32  |
| 27.10. | Vikebygd kyrkje | 11.00 | Gudsteneste med dåp. | Takkoffer til Sjømannskyrkja                                                                   | Luk 15,11-32  |
| 03.11. | Ølen kyrkje     | 11.00 | Gudsteneste          | Helgemesse. Felles for Ølen og Bjoa. Kyrjekaffi, takkoffer til Indre Sjømannsmisjon            | Jes 60,18-22  |
| 03.11. | Vats kyrkje     | 11.00 | Gudsteneste          | Helgemesse. Felles for Vats, Skjold og Vikebygd, takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet              | Jes 60,18-22  |
| 03.11. | Sandeid kyrkje  | 17.00 | Gudsteneste          | Helgemesse. Felles for Vikedal, Sandeid og Imsland, takkoffer                                  | Jes 60,18-22  |
| 10.11. | Imsland kyrkje  | 11.00 | Misjonsgudsteneste   | Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap                                                        | Luk 10,25-37  |
| 10.11. | Skjold kyrkje   | 11.00 | Gudsteneste          | Speidarande deltek, takkoffer til Speidararbeidet i Skjold                                     | Luk 10,25-37  |
| 17.11. | Ølen kyrkje     | 11.00 | Gudsteneste          | Takkoffer til Kirkens Bymisjon                                                                 | Matt 24,35-44 |
| 17.11. | Vikedal kyrkje  | 11.00 | Gudsteneste          | Sundag for dei forfølgde, takkoffer                                                            | Matt 24,35-44 |
| 17.11. | Vikebygd kyrkje | 11.00 | Gudsteneste          | Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet                                                               | Matt 24,35-44 |
| 27.11. | Skjold kyrkje   | 17.00 | G-17 Gudsteneste     | Takkoffer til G 17 - arbeidet                                                                  | Joh 9,39-41   |
| 01.12. | Imsland kyrkje  | 11.00 | Adventgudsteneste    | Takkoffer                                                                                      | Matt 21,1-11  |
| 01.12. | Ølen kyrkje     | 11.00 | Familiegudsteneste   | Lys Vaken-gudsteneste. 10 åringer, takkoffer til Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag | Matt 21,1-11  |
| 01.12. | Vats kyrkje     | 17.00 | Lysmesse             | Takkoffer til Speidararbeidet i Vats                                                           | Matt 21,1-11  |
| 01.12. | Bjoa kyrkje     | 17.00 | Familiegudsteneste   | Utdeling av bok til 10- og 4/5-åringar. Kyrjekaffi, takkoffer til Frelsesarmeen Haugesund      | Matt 21,1-11  |
| 08.12. | Vikebygd kyrkje | 17.00 | Lysmesse.            | Takkoffer til Norges KFUM-Speidere. Speidarane deltek                                          | Joh 14,1-4    |
| 08.12. | Sandeid kyrkje  | 18.00 | Lysmesse             | Takkoffer                                                                                      | Joh 14,1-4    |
| 08.12. | Skjold kyrkje   | 19.00 | Lysmesse             | Takkoffer                                                                                      | Joh 14,1-4    |

Sjå meir informasjon på: [vindafjord.kyrkjer.no](http://vindafjord.kyrkjer.no)

**“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)**

## Gudstenester Julaftan i Skjold, Vats og Vikebygd

i Skjold, Vats og Vikebygd har gjort vedtak om å feira 3 gudstenester på julaftan. Det vil bli ei 3-årig rulling på tidspunkta mellom bygdene. Tidspunkt for julaftan i 2019: Kl. 13.30 Skjold, Kl. 15.00 Vats, Kl. 16.30 Vikebygd

## FRÅ KYRKJEBOKA

|                | Døypte                                                                                                | Vigde                                                                                                     | Døde                                                                                                                          |
|----------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Imsland</b> | 08.09.2019 Julie Arntsen Aksland<br>08.09.2019 Ingrid Garborg Nybru                                   |                                                                                                           | 27.08.2019 Tjerand Olav Torsteinbø f. 1924<br>20.09.2019 Ola Birkeland f. 1936<br>01.10.2019 Leiv Bernhard Rønnevik f. 1930   |
| <b>Ølen</b>    | 18.08.2019 Henrik Westre Gusdal<br>18.08.2019 Karel Meander Aareskjold Teigen                         |                                                                                                           | 17.09.2019 Magnhild Tvedt f. 1926<br>22.09.2019 Johannes Lunde f. 1945<br>26.09.2019 Oddmund Lid f. 1939                      |
| <b>Sandeid</b> | 25.08.2019 Marianne Kaldheim<br>15.09.2019 Noah Miljeteig                                             |                                                                                                           | 24.09.2019 Erik Grønnestad f. 1937                                                                                            |
| <b>Skjold</b>  | 25.08.2019 Kasper Velde Kvamme<br>25.08.2019 Henrik Urdal Mortveit<br>08.09.2019 Reodor Vestre Strand | 14.09.2019 Maria Westerlund og Ørjan Haraldseid<br>21.09.2019 Gjertrud Waage Tveit og Stig André Mortveit | 21.08.2019 Karin Ragnhild Bratvold f. 1947<br>31.08.2019 Sigrid Hildenes f. 1946<br>11.09.2019 Berit Agnette Eikeland f. 1924 |
| <b>Vats</b>    | 18.08.2019 Amalie Rødne Hustvedt<br>15.09.2019 Ole Magnus Sørhus                                      | 31.08.2019 Irene Vold og Georg Kolnes                                                                     | 30.09.2019 Ingeborg Konstanse Stokland f. 1932                                                                                |
| <b>Vikedal</b> | 01.09.2019 Thelma Eikeland                                                                            |                                                                                                           |                                                                                                                               |

**Andaktstelefonen**  
**380 91700**  
Åpent beile døgnet!  
Ny andakt tirsdag og fredag  
Tjenesten er gratis

**Korleis har du det... EIGENTLEG?**  
Eit menneske å snakke med når livet er som verst  
SOS-Chat: [www.soschat.no](http://www.soschat.no)  
Kirkens SOS 22 40 00 40  
SOS-melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

Neste nummer av Hyrdingen  
kjem ut 5. desember  
Frist for levering av stoff er  
9. november

## Sandeid bedehus

|               |                                                                |
|---------------|----------------------------------------------------------------|
| 28.10. mandag | 19:00 Sangkveld                                                |
| 04.11. mandag | 19:00 Bønnemøte                                                |
| 04.11. mandag | 19:30 Bibeltime - Læresveinar held saman - Kørner Høie         |
| 11.11. mandag | 19:00 Bønnemøte                                                |
| 18.11. mandag | 19:00 Bønnemøte                                                |
| 18.11. mandag | 19:30 Fellessamling - Taler Godt nytt                          |
| 25.11. mandag | 19:00 Bønnemøte                                                |
| 02.12. mandag | 19:00 Bønnemøte                                                |
| 02.12. mandag | 19:30 Bibeltime - Læresveinar har tid og overskot - Roar Flakø |
| 09.12. mandag | 19:00 Bønnemøte                                                |

## Bedehusa i Skjold

|                         |                                            |
|-------------------------|--------------------------------------------|
| 24.10. torsdag          | 19:00 Austrheim: møte med Open Heart       |
| 29.10. tysdag           | Isvik: NLM Misjonssamband                  |
| 05.11. tysdag           | Ersland: Israelsbasar                      |
| 09.-12.11. Lau-Sø-Må-Ti | Haraldseidvågen – Elieser 6 (møte i båten) |
| 16.11. laurdag          | 11:30 Isvik: Misjonsmesse                  |
| 19.11. tysdag           | Isvik: Godt Nytt, bibelspreiing            |
| 26.11. tysdag           | Ersland: Normisjon                         |
| 29.11. fredag           | 18:30 Grautfest                            |

## FamilieKRIK

|                |                                    |
|----------------|------------------------------------|
| 27.10. søndag  | 16:30-18:00 Samling i Skjold Arena |
| 17.11. søndag  | 16:30-18:00 Samling i Skjold Arena |
| 8.12. søndag   | 16:30-18:00 Samling i Skjold Arena |
| 27.03 - 29.03. | 2020 Skiweekend til Gullingen      |

## Bedehusa i Vats

|                |                                       |
|----------------|---------------------------------------|
| 30.10. onsdag  | 19:00 Blikrabygda: Godt Nytt          |
| 06.11. onsdag  | 19:00 Kårhus: Indremisjonen           |
| 10.11. søndag  | 11:00 Kårhus: "Endeleg søndag"        |
| 13.11. onsdag  | 19:00 Øvre Vats: Muslimmisjonen       |
| 16.11. laurdag | 19:00 Kårhus: Loftet                  |
| 16.11. laurdag | 13:00 Misjonsmesse Isvik bedehus: NMS |
| 20.11. onsdag  | 19:00 Blikrabygda: NLM                |
| 27.11. onsdag  | 19:00 Kårhus: Samemisjonen            |
| 04.12. onsdag  | 19:00 Kyrkja: Adventsprogram          |
| 07.12. laurdag | 12:00 Øvre Vats: Juleverkstad         |
| 08.12. søndag  | 11:00 Kårhus: "Endeleg søndag"        |

## Vågen bedehus - vaagenbedehusforsamling.no

|                            |                                                               |
|----------------------------|---------------------------------------------------------------|
| 25.10. fredag              | 20.00 Tema- og samtalekveld: "Nådegaver"                      |
| 27.10. søndag              | 11.00 Søndagsskule                                            |
| 27.10. søndag              | 19.30 Søndagsmøte, DISM Talar: Georg Kallevåg                 |
| 30.10. onsdag              | 19.30 Bønnemøte                                               |
| 02.11. lørdag              | 20.00 Loftet                                                  |
| 03.11. søndag              | 11.00 Søndagsmøte Talar: Kørner Høie                          |
| 05.11. tirsdag             | 17.30 Jentelaget og gutelaget                                 |
| 05.11. tirsdag             | 19.30 Elieser-møte, DISM                                      |
| 06.11. onsdag              | 19.30 Elieser-møte, DISM                                      |
| 10.11. søndag              | 11.00 Søndagsskule                                            |
| 10.11. søndag              | 19.30 Nattverdmøte                                            |
| 13.11. onsdag              | 19.30 Bønnemøte                                               |
| 16.11. lørdag              | 20.00 Loftet                                                  |
| 17.11. søndag              | 11.00 Søndagsmøte NOREA Talar: Martin Birkedal                |
| 19.11. tirsdag             | 17.30 Jentelaget og gutelaget                                 |
| 20.11. onsdag              | 19.30 Bønnemøte                                               |
| 23.11. lørdag              | 11.00 Julemessa, Julemesse på Vågen bygdasenter               |
| 24.11. søndag              | 11.00 Søndagsskule                                            |
| 24.11. søndag              | 17.00 Familiemøte Talar: Johannes Olsen                       |
| 27.11. onsdag              | 19.30 Bønnemøte                                               |
| 30.11. lørdag              | 20.00 Loftet                                                  |
| 01.12. søndag              | 11.00 Søndagsmøte Talar: Magne Austneberg                     |
| 03.12. tirsdag             | 17.30 Jentelaget og gutelaget                                 |
| 04.-06.12. ons-tors-fredag | 19.30 Møteveke. Talar: Tor Ingvald Lauvrak                    |
| 07.12. lørdag              | 17.00 Generasjonssamling Møteveke. Talar: Tor Ingvald Lauvrak |
| 08.12. søndag              | 11.00 Søndagsskule                                            |
| 08.12. søndag              | 19.30 Søndagsmøte. Talar: Tor Ingvald Lauvrak                 |

## Vikebygd bedehus

|                |                                                   |
|----------------|---------------------------------------------------|
| 24.10. torsdag | 19:30 Open Heart. Ukraina. Innsamling av klede mm |
| 13.11. onsdag  | 18:00 Speidarane sin Global kafé                  |
| 14.11. torsdag | 11:00 Bønnemøte (Føremiddag. Sjå plakat om dette) |
| 28.11. torsdag | 19:30 Songkveld m. Gunnhild Marie Osaland         |
| 12.12. torsdag | 18:00 Filmkveld. Julefilmen "The Star".           |

## Kyrkjetunet i Ølen - kyrkjetunet.no

|                |                                           |
|----------------|-------------------------------------------|
| 24.10. torsdag | 17:30 Internasjonalt treffpunkt           |
| 24.10. torsdag | 19:00 Fellesforum                         |
| 25.10. fredag  | 18:00 Bønnemøte (Fellesskap på tvers)     |
| 25.10. fredag  | 19:30 "Fellesskap på tvers"               |
| 27.10. søndag  | 16:00 Kafè og Show it-samling             |
| 30.10. onsdag  | 19:00 Alpha-kurs                          |
| 31.10. torsdag | 17:00 Hallo Venn 4.-7. klasse             |
| 31.10. torsdag | 17:30 Internasjonalt treffpunkt           |
| 01.11. fredag  | 18:00 Barne- og familiebasar              |
| 01.11. fredag  | 20:00 Credo                               |
| 02.11. laurdag | 12:00 Vindafjord Soul Children            |
| 03.11. søndag  | 19:30 Ungdomsmøte v/Eirik Stensland (IMS) |
| 05.11. tirsdag | 10:30 Kurs i Babysong                     |
| 05.11. tirsdag | 19:00 Strikkekafé på loftet               |
| 07.11. torsdag | 11:00 Torsdagstreff                       |
| 07.11. torsdag | 17:30 Internasjonalt treffpunkt           |
| 10.11. søndag  | 19:30 Søndagsmøte Roar Flakø              |
| 12.11. tirsdag | 10:30 Kurs i Babysong                     |
| 13.11. onsdag  | 19:00 Alpha-kurs                          |
| 14.11. torsdag | 11:00 Torsdagstreff                       |
| 14.11. torsdag | 17:30 Internasjonalt treffpunkt           |
| 15.11. fredag  | 17:00 Vindafjord Soul Kids                |
| 15.11. fredag  | 18:00 Klubben                             |
| 15.11. fredag  | 20:00 Credo                               |
| 18.11. mandag  | 17:15 Krølletreff for 2-åringar           |
| 19.11. tirsdag | 10:30 Kurs i Babysong                     |
| 21.11. torsdag | 17:30 Internasjonalt treffpunkt           |
| 24.11. søndag  | 19:30 Søndagsmøte Magne Wold              |
| 25.11. mandag  | 17:15 Krølletreff for 2-åringar           |
| 26.11. tirsdag | 18:00 Misjonskonsert                      |
| 27.11. onsdag  | 19:00 Alpha-kurs                          |
| 28.11. torsdag | 17:30 Internasjonalt treffpunkt           |
| 29.11. fredag  | 17:00 Vindafjord Soul Kids                |
| 29.11. fredag  | 18:00 Klubben                             |
| 29.11. fredag  | 18:00 Bønnemøte (Fellesskap på tvers)     |
| 29.11. fredag  | 19:30 Fellesskap på tvers                 |
| 29.11. fredag  | 20:00 Credo                               |
| 30.11. laurdag | 12:00 Vindafjord Soul Children            |
| 30.11. laurdag | 15:00 Lys vaken for 5. kl.                |
| 03.12. tirsdag | 19:00 Strikkekafé på loftet               |
| 05.12. torsdag | 11:00 Torsdagstreff                       |
| 05.12. torsdag | 17:30 Internasjonalt treffpunkt           |
| 06.12. fredag  | 19:00 Adventssamling                      |
| 08.12. søndag  | 16:00 Kafè og Show it-samling             |

## Kyrkjetunet i Ølen • Torsdagstreff

Kl. 11-13. Pris kr. 60. 7. november og 5. desember.  
ALLE HJARTELEG VELKOMEN!

## Innbjoa bedehus

|                |                                                 |
|----------------|-------------------------------------------------|
| 24.10. torsdag | 10:30 Formiddagstreff (1,5 t)                   |
| 30.10. onsdag  | 10:00 Bønnemøte                                 |
| 30.10. onsdag  | Møte ved Fredrik Tybakken                       |
| 01.11. fredag  | Fredagskveld på bedehuset (vennekveld/verkstad) |
| 06.11. onsdag  | 10:00 Bønnemøte                                 |
| 06.11. onsdag  | 17:30 Mini-Credo (1,5 t)                        |
| 08.11. fredag  | 18:00 Sri-Lanka basar                           |
| 13.11. onsdag  | 10:00 Bønnemøte                                 |
| 15.11. fredag  | Credo (Bading i Aksdal)                         |
| 20.11. onsdag  | 10:00 Bønnemøte                                 |
| 20.11. onsdag  | 17:30 Mini-Credo (1,5 t)                        |
| 20.11. onsdag  | 19:30 Møte                                      |
| 21.11. torsdag | 10:30 Formiddagstreff (1,5 t)                   |
| 27.11. onsdag  | 10:00 Bønnemøte                                 |
| 29.11. fredag  | Fredagskveld på bedehuset (vennekveld/verkstad) |
| 30.11. lørdag  | Godt voksen fest                                |
| 04.12. onsdag  | 10:00 Bønnemøte                                 |
| 04.12. onsdag  | 17:30 Mini-Credo (1,5 t)                        |
| 08.12. søndag  | Adventssamling                                  |

## Misjonsmessa på Isvik Bedehus

Den tradisjonsrike misjonsmessa vert i år laurdag den 16. nov. kl. 11.30. Her plar vera mykje folk, og bortimot like mange gevinstar. Grunna fallande frammøte vert det ikkje fest på fredagskvelden dette året. Då får me gjera det ekstra godt på laurdagen.

# Vikestølen tur 21.-22.september



*Det var kjekt på Vikestølen.*

Av Britt Karstensen, kateket

## **Tur til Vikestølen i september var eit av tilboda i trusopplæringa denne hausten.**

Spente 10-12 åringar frå Bjoa møttest på Eikås i strålende sol for å ta turen til Vikestølshytta. Me fekk følga historia til ein bortkomen son på vegen. «Arven» vår var ein snopepose,

og me fekk hiva frå oss steinar som bilde på noko me angra på. Rett nok var det ikkje gjøkvalven som sto på menyen då me kom fram, men me kosa oss skikkeleg med suppe, pinnebrød, sjokoladebanan på bålet og kakao med marshmallows. Me fekk høyra om Jesus i tempelet då han var 12 år, og snakka om Gud som vår far og kyrkja som ein heim. Me leika, spikka pinne (berre eitt plaster var naudsynt!), fekk utfordringar med

bind for augene, spiste masse snop, hadde quiz, fyrte bål og lærte knutar. Fjolla masse. Og sov ein god del, sjølv om stjernehimelen var fantastisk.

På søndagen hadde me samling ved støtta der me kunne lesa at folk allereie i år 1900 møttest for å høyra om Jesus. Og no var me der, mange slektsledd seinare. Mykje har endra seg på dei åra, men Jesus er heldigvis den same!



*Me steikte pinnebrød på bålpanna.*



*Kos med sjokoladebanan og kakao med marshmallows.*



*Andrew lærte oss knutar.*